

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 LINDÅS

Våge (gbnr 99/1), 06.08.2020

Alver kommune, byggesaksavd.  
v/ Tone M. Berland Furustøl (eller ny saksbehandlar etter samanslåinga?)

**SKADEVERK PÅ 99/1 SIN EIGEDOM**  
**NYTT BROT PÅ NABOLOVEN AV ALF EIKEVIK SOM ANSVARLEG TILTAKSHAVAR**

Det er med stor beklaging vi melder frå om at Alf Eikevik har ødelagt eit naturområde inne på 99/1, der han ingen ting hadde å gjera. Området er på atskillige kvadratmeter, og ligg utanfor og nord for den nye traseen, mellom trase-topp ved løa på 99/1 og grensa mellom bruka.

Skadeverket har han, heilt meiningslaust, utført med gravemaskin tysdag 4/8. Området her var eit flatt, idyllisk og fint naturleg vegetert område, med m.a. kvitveis om våren/fint gras om sommaren. No er det trampa fullstendig istykker og totalt harva sundt av tung beltegravemaskin. Dette er eit overgrep utført av tiltakshavar personleg, og han viser seg med dette nok ein gong totalt uskikka til å ha eit slikt ansvar. Og dette skjer til tross for at vi, i vennleg brev etter at vegplanen hans på 99/4 nyleg vart godkjent, har bede om at han held ein positiv dialog med 99/1 undervegs.

Det spesielt alvorlege her er i tillegg at det, i samband med at det i sommar vart rydda vekk greiner på nettopp denne staden, vart gjort eit interessant overflatefunn av ein historisk bronsegenstand. Funnet vart rapportert inn, sjå vedlegg.

1. Eikevik hadde *ingen ting* med gravemaskin på denne staden å gjera.
2. Eikevik er frå før kjend med at området her kan vere av potensiell arkeologisk verdi.
3. Eikevik har vorte vennleg oppmoda om å halde god dialog med 99/1 undervegs i vegbygginga (dette gjorde vi med bakgrunn i tidlegare liknande skadeverk utført av Eikevik i 2014, som vi den gongen måtte politimelde for å få rydda opp i).

Alf Eikevik har, som vist ovanfor, påny vist ein total mangel på respekt for loven og for andre sin eigedom ved å utføre grovt skadeverk med stor og tung gravemaskin heilt ulovleg inne på 99/1 sin grunn. Også denne gongen kjem vi til å måtte bruke både tid og ressursar på å prøve, i den grad det let seg, å reparere etter tiltakshavar Alf Eikevik sitt skadeverk.

Vi konstaterer at Alf Eikevik som tiltakshavar framstår uetterretteleg for 99/1, og totalt utan respekt for nabolov. Spørsmål til Alver kommune: Kva for rettar har vi som naboar i forhold til denne tiltakshavaren? Korleis føl kommunen opp når tiltakshavar mislegheld?

Vi vil be Alver kommune om at Alf Eikevik vert fråtatt ansvaret som tiltakshavar på 99/4, idet han påny har vist at han ikkje er skikka til dette.

Med vennleg helsing  
Elin og Henry Fanebust